



Justis- og politidepartementet
Postboks 8005 Dep.
0030 Oslo

JUSTISDEPARTEMENTET	
15 NOV 2007	
SAKSNR.:	200705911
AVD/KONT/BEH:	LOV/EO/MHG
DOK.NR. 123	ARKIVKODE:

Høringsuttale - forskrift til den nye offentleglova

Det vises til høringsbrev av 4.9.2007. Fylkesmannen i Rogaland har disse merknadene.

Klageinstans når statlege organ har fatta avgjerd om å nekte innsyn

Fram til i dag har det vore slik at det er fagdepartementet på det fagområdet det er bede om innsyn i, som er klageinstans.

I den nye offentleglova § 32 heiter det at avgjerder etter lova kan "påklagast til det forvaltningsorganet som er nærmast overordna det forvaltningsorganet som har gjort vedtaket." I forskrifta § 11 er det presisert at "det organet som eit uavhengig forvaltningsorgan administrativt høyrer inn under, er klageorgan når det uavhengige organet har avslått eit krav om innsyn." (vår utheving)

Vi tolkar dette slik at det er Fornyingsdepartementet som er klageorgan for alle dei krava om innsyn som Fylkesmannen måtte avslå. Dette er ei betre løysning den ein har i dag, nemleg at klageorganet er det fagleg overordna organet.

Lova og forskrifta legg likevel også no opp til at fleire departement/direktorat vil vere klageinstans for statlege organ. Vi ville synes det var betre dersom eitt departement (Justisdepartementet) hadde ansvar for klagebehandlinga frå statlege forvaltningsorgan, på same måten som Fylkesmannen er klageinstans for kommunar og fylkeskommunar, utan omsyn til kva for eit fagleg område det gjeld.

Ei slik løysing ville etter vårt syn sikra ei meir einsarta behandling og rettsutvikling. Sjølv om mykje av praksisen knytt til den gamle lova vil halde fram, ser vi føre oss at eit klageorgan med ansvar for all klagebehandling for statlege forvaltningsorgan lettare vil kunne styre rettsutviklinga og gjere forståinga av den nye lova lettare.

Lova legg vidare opp til at vi kan få ei rekkje klageorgan knytt til såkalla "sjølvstendige rettssubjekt", offl. § 32 første ledd, jf. forskrifta § 11. Ulik praksis vil difor kunne få utvikle seg. Det kan tenkjast at det i praksis, eller juridisk, ikkje er mogleg å bruke departementet som klageinstans for desse sjølvstendige rettssubjekta, på grunn av måten dei er organiserte på. Det er likevel ynskjeleg at talet på klageorgan blir så lite som mogleg.


Rett til gratis innsyn

Det går fram av lova § 8 at organet kan krevje betaling for innsyn dersom det har heimel i forskrift. I forskrifta er det gitt reglar om betaling for innsyn. Vi har ikkje merknader til desse føresegnene.


Vi reagerer likevel på ei formulering i høyringsnotatet knytt til dette temaet. I høyringsnotatet heiter det på s. 7; ”*Det kan tenkjast situasjonar der same person ber om papirkopi av alle dokument i ei rekke saker, slik at det samla talet på ark blir svært stort utan at det går over hundre i kvar sak. Dette er etter departementet sitt syn ein kostnad ved offentlegprinsippet som forvaltninga må bere. I nokre få tilfelle vil slike krav bli framsette berre for å sjikanere organet. Departementet finn ikkje grunn til å gi reglar for å handtere slike tilfelle, men går ut frå at alminnelege rettsprinsipp tilseier at innsyn vil kunne nektas i tilfelle der det er klart grunnlag for å tru at innsynskravet er framsett for å sjikanere organet.*”

Vi les omgrepet ”sjikanere” slik at det er tale om å be om ei stor mengde dokument nærast for å ”halde forvaltningsorganet i arbeid”.

Fylkesmannen i Rogaland meiner at offentleglova § 7 må vere den einaste heimelen for å nekte innsyn på dette grunnlaget, nemleg når det er heimel i lov eller retten til tredjeperson er til hinder for det, typisk opphavsrettar, men også der innsyn kan føre til straffebrot. Forskrifta og lova opnar ikkje for å trekkje inn ei vurdering av om organet blir ”sjikanert”. Vi meiner det er uheldig når departementet opnar for ei slik vurdering i høyringsnotatet. I gitte tilfelle vil eit organ kunne vise til høyringsorganet når det er ”lei” av at ein person eller organisasjon ber om innsyn i ulike dokument. Vi har hatt døme på slik ”sjikane” i Rogaland, utan at det har gitt grunnlag for å nekte innsyn. Offentleglova § 7 slår fast at informasjonen kan brukast til ”eitkvart formål” om ikkje anna følgjer av lov eller tredjeperson sine rettar. Det er dette prinsippet vi må halde fast ved. På same måte som departementet meiner at dei økonomiske kostnadene ved offentlegprinsippet må berast av forvaltninga, må arbeidet med å gjennomføre prinsippet berast av forvaltninga.



Harald Thune
fung. fylkesmann



Knut Underbakke
ass. avdelingsdirektør

Saksbehandlar: Line Aspøy Berge
Saksbehandlars telefon: 51 56 88 33
E-post: line.aspoy.berge@fmro.no